

Resirkulert er ikkje nytt



KÅRE SÆTER

3. kandidat Giske Ap

LESARBREV Først av alt. Eg er for resirkulering. Men stort sett må det ein litt meir omfattande prosess enn berre å skifte namn.

I siste Øy-Blick har 3. kandidat for Tverrpolitisk liste for Giske, Kolbjørn Rørstad, eit omfattande innlegg. Han har mange gode poeng. Eit av dei eg sluttar

meg heilt til er at Giske iomune treng politkarar som har mot til å prioritere.

For meg blir det då eit paradoks at han ikkje med eit einaste ord nemner pleie og omsorg. Eg trur ikkje at viktigste oppgåve dei neste fire år er å gjere det vanskelegare for våre ungdommar å etablere seg på heimlassen sin. Eg synest heller ikkje det var feil å byggje ut Giske Omsorgsenter med 30 plassar. Eg synes heller ikkje den nye skule på Valderøy er ei feilinvestering. Men han om det.

Rørstad vil ha ny kurs med modige politikkarar. Eit raskt blick på vallista han representerer er det veldig lite som minner om nytenking. Dette er eldre herrar som gjerne vil

ha ein ekstrarunde i kommunestyret. Resirkulering er fint det, men eg tviler sterkt på at tankegodset vert nytt berre med å skifte namn på vallista. Eg har opp gjennom åra sjølv fått erfare at dette med at visdom og alder heng saman ikkje stemmer. For mange av oss har alderen komt heilt aleine.

Eg ser ikkje vekk frå at det gjeld fleire. Rørstad viser då også til at tverrpolitiske liste er mange erfarne politikkarar. Han har heilt rett. Gamle Høgre har skifta namn.

Men kvifor trur du at alt blir betre fordi namnet på lista er endra? Dei fremste kandidatane har i årevis vore i kommunestyret. Nokre av dei har til og med gjort eit god jobb. Men at dei skal representere

nokon ny kurs er vel å ta hardt i. Men Rørstad avklarar i alle fall intensjonen til lista. Dei vil seie NEI. Giske skal bli ei nei-kommune.

Eg er blant dei som synes Giske kommune er ein god plass å bu. Eg er oppteken av at neste generasjon skal føle tilhørgheit og trygghet. Då er både skuleutbygging, satsing innen eldreomsorg og variert boligbygging viktig. Ja, eg trur både Kolbjørn Rørstad og eg må vere så rausa at vi aksepterer at andre har anna syn både på arkitektur og buformer enn oss. Ja, kanskje til og med anna tjukne på lommeboka. Det er flott at Rørstad framhever at utbygging må skje etter innbyggjaranes behov og standardar. Det er ikkje

for alle å ha villa med to mål tomt som ei økonomisk fornuftig buløysing. Og neppe er det fornuftig heller.

Giske kommune må verte styrt etter politisk vedtekne planer. No er ein ny kommuneplan under utarbeiding. Både Rørstad og eg er nok heilt einig i at her ligg det utfordringer. Mange av Rørstads listekandidater har i fleire år jobba med planen. Sjølv om del har gjort det under ei anna politisk fane får vi tru dei har brukt sin sunne fornuft.

Og Kolbjørn Rørstad. Eg er heilt eining med deg. La dei få fri no.

Eg håper inderleg framtida i Giske vert leia av folk som vil noko.